

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Gunn Berit Lunde Aarvik (A) sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at det vert medfinansiering av formidlinga frå Jernbanelverket.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Aarvik sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er positiv til at Hordaland fylkeskommune tar på seg oppgåva med å koordinere arbeid med formidlingsplan for Rallarvegen i samarbeid med Jernbanelverket, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser utarbeiding av formidlingsplan som ein føresetnad for å få på plass ei heilskapleg formidling av Rallarvegen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at oppgåva som koordinator vert løyst innafør gjeldande budsjett, og at kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga saman finn ressursar som skal setjast inn i arbeidet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at det vert medfinansiering av formidlinga frå Jernbanelverket.